



Vår ref.: 377/14/HåSt/521

Dykkar ref.:

Voss, 01.09.2014

Innspel til HFK sin høyringsuttale om omgjering av utdanningsprogram for medium og kommunikasjon

Høyringsuttale skrive i samarbeid av Voss vidaregåande skule, Voss gymnas og Voss Husflidskule. Skulane har samarbeidd om høyringa på bakgrunn av skulesamanslåinga i 2017.

I høve HFK sin høyringsuttale angåande omgjering av utdanningsprogram for medium og kommunikasjon, som skal opp til politisk handsaming 21. oktober, ynskjer lærar og leiing ved Voss Husflidskule å gjere greie for sitt syn og kome med innspel til alternativa for omgjering av utdanningsprogramma. Dette er utgangspunktet for den felles drøftinga dei tre skulane hadde om saka 29.08.14.

Av forslaga som ligg til grunn i høyringsutkastet, *meiner me at modell 1 er den beste løysinga*. I modell 1 skal utdanningsprogram for MK gjerast om frå eit yrkesfagleg utdanningsprogram til eit studieførebuande program, og ein skal ivareta yrkesfaga i MK på design og handverk (DH). Slik me ser det er det tenleg med same fag- og timefordeling som dei andre studieførebuande utdanningsprogramma i fellesfag (MMD, ID, STFOR) slik at ein kan planlegge samanslåing i fellesfag med andre utdanningsprogram.

I høve spørsmålet om det er tenleg med 2 felles programfag, "medier og kommunikasjon" og "medieuttrykk", er det vanskeleg å svare på utan å kjenne innhaldet i læreplan for faga. I høyringsutkastet vert faget "medier og kommunikasjon" i modell 1 forklarar faget som: *"Medier og kommunikasjon 1, 2 og 3 tar utgangspunkt i å kommunisere et budskap fra avsender til mottaker ved bruk av ulike teknikker"*.

Om det vert to felles programfag, er det viktig at faget "medier og kommunikasjon" har både ei språkleg og samfunnsvitskapleg tilnærming. Studieførebuande løp legg generelt vekt på refleksjon og analyse, og elevar vil derfor ha fordel av lingvistisk og semiotisk innsikt i faget. I høve spørsmål 4. i høyringsutkastet og namngjeving av dei 2 programområda, er me av den oppfatning av faga først må få sine respektive læreplanmål, før dei får eit namn. Sidan faget medieproduksjon, frå gjeldande utdanningsprogram på MK, tilsynelatande er ute av fag- og timefordelinga, meiner me at den praktiske opplæringa må inn eit av dei felles programfaga. Me er opptekne av at faget medieuttrykk har eit innhald og eit namn som tilkjennegir ei *praktisk tilnærming*.

Me stiller spørsmål til om høyringsutkastet har riktig skisse for fag- og timefordeling, då det i modell 1 på studieførebuande utdanningsprogram er sett av 140 timer til programfag frå studieførebuande utdaningsprogram og 140 timer til programfag frå eige programområde, medan det er skissert at dei to felles programfaga, «medieuttrykk» og «medier og kommunikasjon», er obligatoriske og byggjer på kvarandre. Me reknar med det er meint at det

skal vere 280 timer på Vg1 med programfag frå eige programområde. For balansen si skuld kunne ein då sjå for seg at der då på Vg3 er rom for 280 timer frå studieforberedande utdanningsprogram.

Jamfør spørsmål 5. og 6. der ein spør om det er hensiktsmessig med 4 valfrie programfag, og ber om innspel til namn og innhald, meiner me at ein valfridom på 4 programfag vil både komme elevar og skulen til gode i høve at ein kan gje eit breitt tilbod til elevane, men og at ein står friare til kva ein tilbyr basert på dei lærarressursane/fagressursane ein har ved skulen.

Vidare skisserer me forslag namn og innhald i 4 valfrie programfag:

Me meiner at dei 3 eksisterande valfrie programfaga, lyd bilde og tekst kan vidareførast i den nye modellen. Læreplan for desse faga må ha rom for praktisk utøving og må sjåast i samanheng med dei felles programfaga.

Vidare har me forslag til eit nytt valfritt programfag; **Idéutvikling**.

Tanken er at elevane gjennom ei teoretisk og praktisk tilnærming skal lære meir om til dømes:

- Idéutvikling (mellom anna innan reklame/PR, medieproduksjon, arrangementsutvikling osv.)
- Pitching
- Omdømmebygging og profilering
- Nettverksbygging
- Marknadsanalyse og strategi
- Prosjekt og økonomistyring

Andre argument for modell 1, er at ein i større grad får ei betre fordeling av timetalet i fellesfag, og me meiner ein ikkje er tent med ein modell 2 der alle elevar skal ha framandspråk, samt ta fellesfag som norsk og engelsk over 1 år. Elevar som ynskjer eit yrkesfagleg tilbod ynskjer gjerne ikkje framandspråk, og det er nok og ein fordel med ein fordeling av fellesfag jamfør eksisterande modell for yrkesfagleg utdanningsprogram.

Spørsmål til høyringsutkastet i del 2 om ivaretakinga av yrkesfag i modell 1, der MK-faga skal ivaretakast gjennom Vg1 DH, er me av den oppfatning at ein modell der ein slår saman Vg1 MK med DH kan medføre mindre spesialisering innan MK-faga. Eit yrkesretta løp for MK må uansett ha ein læreplan og eit mål som sikrar at ein har nok læreplassar. Faglærarar ved noverande utdanningsprogram for DH, er og av den oppfatninga at læreplanen på DH, slik ein kjenner den i dag, vil verte meir generell ved at ein legg endå eit fagområde inn i utdanningsprogrammet på Vg1. Det er vanskeleg å kome med innspel vidare på dette punktet før ein ser dei konkrete læreplanane og korleis dei ulike fagområda vert vektlagt.

Spørsmåla i del 3 av høyringsutkastet som tek for seg modell 2, spør om yrkesfaga vert ivaretekne i ein felles Vg1 for alle elevar på MK. Me er av den oppfatning av det ikkje er tilfelle då det vert lagt opp til for mykje fellesfag, mellom anna framandspråk, som elevar som vel YF gjerne ikkje har hatt på ungdomsskule eller ynskjer å ha i den vidaregåande opplæringa. Me meiner elles at det ligg for mykje fellesfag på Vg1 i modell 2, som til forskjell på andre yrkesfaglege løp, samt i modell 1 (YF -retning), er fordelt ut over fleire to år.

Samla sett er dei 3 skulane samde om at modell 1 i høyringsutkastet er det beste forslaget.

Line Skage, Unn Fauskanger ,Håvard Styve.